

Nynorsk i lærarutdanninga

Bergen og Hordaland Mållag viser til at norskkunnskapane til lærarane er avgjerande for god undervisning i skule og barnehage. Me er difor urolege over situasjonen i dag med svært mange ufaglærte.

Dei ulike lektor- og lærarutdanningane må syta for at framtidige lærarar har god kompetanse både i nynorsk og bokmål. Slik kompetanse er også viktig for lærarar som ikkje skal undervisa i norsk, fordi språkopplæring skjer i alle timar og i alle fag.

Bergen og Hordaland Mållag meiner difor at alle lærarar må få tilbod om etterutdanning i nynorsk. Ein eller fleire lærestader med lærarutdanning bør få eit nasjonalt ansvar for å sikra nynorsk i barnehage, skule og lærarutdanning. Bergen og Hordaland Mållag vil be statsrådene Jan Tore Sanner og Iselin Nybø om å oppmoda Høgskulen på Vestlandet til å ta på seg denne oppgåva, gjerne i samarbeid med Universitetet i Bergen, Høgskulen i Volda og NLA Høgskolen.

Bergen og Hordaland Mållag